

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7679-1

Vedtekter - Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget er positive til at fylkeskommunen har fått ein undervisningskonsesjon knytt til akvakulturopplæringa ved Måløy vidaregåande skule, og at det er inngått avtale med Marine Harvest Norway om å leige denne konsesjonen.
2. Det vert oppretta eit marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) der alle leigeinntekter frå undervisningskonsesjonen skal i settast inn.
3. Fylkestinget godkjenner vedtektene til fondet slik dei kjem fram i vedlegg 1.

Vedlegg:

1. Vedtekter for Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO).
2. Undervisningskonsesjonen – Avtale om utleige mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Marine Harvest Norway, datert 19.06.2017.

Andre relevante dokument i saka:

1. Løyve til Undervisningskonsesjon datert 19.06.2017.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Prosjektet «Undervisningskonsesjon», som er forankra i Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane, vart initiert allereie hausten 2015. Dette var eit samarbeid mellom Måløy vidaregåande skule, næringsaktør frå program for rekruttering og kompetanse, Opplæringskontoret for Fiskeri og Havbruk og fylkesrådmannen v/næringsavdelinga (no Nærings- og kulturavdelinga).

Den 19. juni i år fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune tildelt løyve av Fiskeridirektoratet for ein undervisningskonsesjon på 780 MTB (Maksimum Tillaten Biomasse) knytt til akvakulturopplæringa ved Måløy vidaregåande skule. Løyvet er gjeve for 10 år med høve til forlenging. Avtale om utleige av konsesjonen til Marine Harvest Norway vart underteikna 8.september i år. Avtalen legg opp til at leigeinntektene skal inn i eige fond som i hovudsak skal nyttast til marine rekrutterings- og kompetansehevingstiltak. Fondet vert forvalta gjennom eigne vedtekter som no må godkjennast av fylkestinget. Denne saka femnar om innhaldet i desse vedtektene.

2. Saksopplysningar

Avtala om utleige av konsesjonsbiomassa i løyvet regulerer også kor mykje som skal innbetalast i årleg leige. Leigeinntekt pr. år kan variere mellom 2 - 5,75 mill. kr avhengig av produksjon på nasjonalt nivå og prisar i marknaden.

Det vert oppretta eit nytt fond, Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond, der pengane frå leigeinntekta i sin heilskap skal settast inn. Fondet vil bli forvalta i samsvar med vedtektene for fondet.

Det ligg som ein føresetnad at tiltak og prosjekt som får støtte frå fondet skal ha ei klar forankring i dagens Sogn og Fjordane. Vidaregåande skuler med opplæring på Vg 2 Akvakultur i Hordaland (dei vidaregåande skulane i Fusa og Austevoll) har undervisningskonsesjonar, men med lågare biomasse (130 MTB). Austevoll vidaregåande skule arbeider no med å søke om utviding til 780 MTB og utleige til kommersiell aktør.

Sidan fondet er tverrsektorielt (femnar om både næring og opplæring) legg fylkesrådmannen opp til at fylkesutvalet (FU) vert fondsstyre og tildeler midlar, medan fylkesrådmannen tilrår – på vanleg måte. FU sin funksjon vil til ein viss grad minne om den utvalet har hatt i høve det fylkeskommunale ENØK-fondet, og den ordninga meiner eg har fungert godt.

Leigeinntektene frå undervisningskonsesjonen vil bety at Måløy vidaregåande skule kan utvikle ei meir attraktiv opplæring i akvakultur enn det som ligg føre i dag. Det kan t.d. gjevast rom for aktivitetar innan FoU og auka kunnskap om nye marine artar i oppdrett. Dette vil bidra til at elevane kan få endå meir oppdatert kunnskap om det som skjer næringa.

Avtalen med Marine Harvest Norway er signert under føresetnad av at FT gjer eit positivt vedtak i denne saka.

3. Vurderingar

Fylkesrådmannen ser det som gledeleg at fylkeskommunen har fått ein undervisningskonsesjon knytt til akvakulturoplæringa ved Måløy vidaregåande skule. Ein ser dette som eit høve til å vidareutvikle eit robust og oppdatert opplæringstilbod tilpassa næringa sine behov.

4. Konklusjon

Det vert etablert eit marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) basert på leigeinntektene frå undervisningskonsesjonen. Fondet skal ha ei klar forankring i dagens Sogn og Fjordane og bidra til rekruttering og attraktivitet for vidaregåande opplæring i akvakultur, og anna vidaregåande opplæring som støttar akvakulturnæringa sitt behov for fagkompetanse.

Fylkesrådmannen tilrår at vedtektene for fondet vert godkjende, slik dei kjem fram av vedlegg 1.